



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

12.06.2019

Vår ref:

2019/12521

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

«Meland kommune
«Postboks 79,
5906 Frekhaug ADRESSE»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Arild Spissøy, 5557 2198

Varsel om kontroll av produksjonstilskot 2019 oppstartsmøte

Tid: Tirsdag 18. juni klokka 11.00

Stad: Landbrukshuset i Knarvik

Vi viser til e-postutveksling med sakshandsamarar i landbruksforvaltninga i kommunen. Fylkesmannen gjennomfører kontroll av forvaltninga av Produksjonstilskot som eigenvurdering. Kommunen skal då gjere ein sjølvstendig gjennomgang med bakgrunn i fastsett kontrollmal. På bakgrunn av denne vil så Fylkesmannen gjere sin kontroll. Kontrollrapport vert utarbeid som vanleg.

Vi inviterer difor sakshandsamarar og avdelingsleiar i kommunane Lindås, Radøy, Meland og Masfjorden til oppstartsmøte. På dette møtet oppmodar vi kvar kommune om å orientere om organisering og rutinar i landbruksforvaltninga i sin kommune.

Mål:

- Kommunane skal sjølv finne forbetningsområde i si forvaltning av produksjonstilskot
- Sikre lik behandling av like saker på tvers av kommunane
- Gjere sakshandsamar tryggare i sine vurderingar

Kontrollmal og sjekklister vert utdelt og gjennomgått på møtet.



Heimel:

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at statlege midlar vert brukte og forvalta i samsvar med føresetnadene. Dette betyr at fylkesmannen kan gjennomføre kontroll med kommunen si tilskotsforvaltning, og då med utgangspunkt i Reglement for økonomistyring i staten av 01.01.06 § 15.

Omfanget av kontrollen:

Kontrollen vil omfatte søknader om produksjonstilskot 2018. Vi vil sjå desse opp mot aktuelt regelverk med tilhøyrande rundskriv:

- Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket
- Forvaltningslova
- Offentleglova

Plan for dagen

11.00 mat

11.30 opning og informasjon frå Fylkesmannen

11.45 – 12.45 Presentasjon frå dei enkelte kommunane om korleis landbruksforvaltninga fungerer i kommunen ca 15 minuttar per kommune (organisering, rutinar, samarbeid, utfordringar mm)

12.45 Gjennomgang av metode og utdeling av sjekklister.

Avtale vidare framdrift (innsending av sjekklister og tiltaksplan, avsluttande møte).

Ca 13.30 slutt

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål i samband med kontrollen.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
Ass. landbruksdirektør

Arild Spissøy
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:

Meland kommune

Laila Bjørge